

MELDING OM UTVIDA PLANGRENSE - OMRÅDEPLAN FOR ALVERSUND, GNR 137 BNR 130 MED FLEIRE

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8, 2. ledd vert det med dette varsla om utvida plangrense for områdeplan for Alversund. Utvidinga omfattar del av gnr/bnr 137/14 og 137/29.

Det vart i 2009 meldt oppstart av planarbeid for området mellom Alversund skule og Alvermarka. I 2010 vart det kunngjort ei utviding av planområdet mot aust. Lindås kommune melder no om utvida plangrense for å tilrettelegge for gangveg frå Alversund bru fram til vegen Nedre Alver. Utvidinga omfattar og eit tilleggsareal for mellom anna å leggje grunnlag for å dele frå to etablerte bustader.

Føremålet med planarbeidet har tidlegare mellom anna vore å leggje til rette for aktivitetsområde i nærleiken av Alversund skule slik at eksisterande Alversund skule kunne ha ei framtid som skule. Kommunestyret vedtok i 2015 (sak 40/15) å byggje ny skule i området som i gjeldande kommunedeleplan for Knarvik-Alversund er lagt til offentleg føremål. Dette vil og gje litt fleire tema for det vidare planarbeidet då m.a. parkering, tilkomst, og eventuell ny haldeplass for buss må vurderast knytt til ny skule. Innhaldet i dei tidlegare kunngjeringane står elles ved lag. Meldinga om utvida planområde kan og lesast på braplan (planid. 1263-200902).

Dei innkomne merknadene til oppstart i 2009, og til planutvidinga av 2010 vil følgje planprosessen vidare, og treng ikkje sendast inn på nytt. Nye merknader til planarbeidet kan sendast til Lindås kommune, planavdelinga, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, alternativt til postmottak@lindas.kommune.no. Frist for å kome med innspel er 19. april 2017.

